

Referat frå årsmøte i hytteforeninga 2.sept 2017

22 medlemmar var til stades på årsmøtet som vart halde på Grotli høgjellshotell klokka 18.00.

1. *Innkallinga* vart godkjent og Kirsti Gjørvad vart valgt til møteleiar. Det vart vidare informert om at sak 6 og 7 bytta plass.
2. *Årsmeldinga* (sept 2016-sept 2017) vart opplesen, den er og tidlegare sendt ut til medlemmane i lag med innkalling til årsmøtet. Vart informert om at hytteforeninga er innmeldt i frivillighetsregisteret og no kan motta grasrotmidlar.
3. *Årsrekneskapen* vart gjennomgått. Driftsresultatet er på 11474 kr. Rekneskapen er godkjent av revisor Per Bjerke. Pr. dags dato står det 18784 kr på konto. Ingen merknadar til rekneskapet.
4. *Valg av nytt styre med varamedlemar*. Kirsti Gjørvad, Ingvild Bøstrand og Kjell Warholm sit eit år til. Roger Howden og Bodil Berge sit to år til. Sveinung Hovde sit eit år til som vara. Nytt varamedlem vart Tor Hole, då Knut Harstad gjekk ut. Styret konstituerer seg på første styremøte etter årsmøtet.
5. *Valg av revisor*. Per Bjerke tek eit nytt år.
7. *Andre saker*
 - 7.1 Innføring av avvikande rekneskapsår slik at det harmonerer bedre med rapporteringsperiodene i høve tidspunkt for årsmøte. Einstemmig vedteke.
 - 7.2 a Vedtekstsending, §5 punkt 7; Forandre «Andre saker» til «Andre innmelde saker». Einstemmig vedteke.
 - 7.2b Vedtekstsending, §5 punkt 8; Fjerne punkt 8 «Eventuelt». Einstemmig vedteke. Det vart også opplyst om at det heretter vert medlemsmøte i etterkant av årsmøtet.
 - 7.3 Forslag om mylding av Gamle Geirangerveg i april/mai slik at vegen vert tidlegare køyrbar. Her kom det ulike synspunkt frå medlemmane, som brøyting av gjenverande fønner (når stikkvegane også er ope), ta eit prøveår med mylding eller mylde sjølv heile vegen eller fonnene (ha mold ståande i buda).
Avstemming for eller mot forslaget om mylding i april/mai; klart fleirtal mot mylding.
6. *Budsjett og fastsetting av kontingent*. Posten om mylding vart tatt vekk frå budsjettet. Før avstemming, vart det informert om posten «reguleringsending», der det er satt av 10.000 kroner. Her kom innspel frå medlemmane om at kommuna tidlegare ikkje har tatt betalt for dette? Styret informerte om at dette ikkje berre er ein søknad men ein prosess der ein må hyre nokon eksterne. Det vart stemt for eller imot å ta ein prosess om reguleringsending vatn/avløp, der 6 hytter var for, og 5 i mot, resten blankt. Vidare avstemming for budsjettet synte at 11 hytter var for. Budsjettet vart då godkjent slik det vart utsendt, med unntak av at

myldingsposten vart tatt vekk.

Dette medfører at kontingenten for 2018 vert auka til 350 kroner.

8. Eventuelt. Saka stod på innkallinga, men i og med at vedtektsendingar vart godkjent og at vi skulle ha medlemsmøte i etterkant, gjekk dette naturleg nok ut no.

Møtet slutt etter 1 time.

Ref, Ingvild Bøstrand